

Hjelmås VVS as
Leknesvegen 183
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3561 - 16/1508

Saksbehandlar:
Kari Elisabeth Iø
KEI@lindas.kommune.no

Dato:
19.01.2016

Røyrleggjarmelding - gbnr 40/16 Hodneland.

Vi viser til røyrleggjarmelding motteke 23.12.2015.

Adresse byggjeplass : Hodneland 153, 5957 Myking
Type bygg : Tilbygg til eksisterande fritidsbustad.
Type arbeid : Meldinga gjeld røyrleggjararbeid innomhus.

Fritidsbustaden skal ha privat vassforsyning og minireinseanlegg (revidert utsleppsløyve frå byggesak 02.11.2015).

Røyrleggjarmeldinga er godkjent på følgjande vilkår:

Arbeidet skal utførast etter standard abonnementsvilkår for vatn og avløp.

Dersom det må nyttast trykkauking/reduksjonsventil grunna for lågt eller for høgt trykk, er det konsulent/ansvarleg søkjar/røyrleggjar sitt ansvar å undersøkje om det er naudsynt, og utførande røyrleggjar/abonment sitt ansvar å sørge for og kosta dette.

Utforming av anlegg for trykkauke skal beskrivast/teiknast og godkjennast spesielt, før endeleg tilknytning vert utført, jfr standard abonnementsvilkår.

Vi gjer merksam på at det er krav om 90 cm mellom topp hovedavløpsleidning og lavaste sluk i hus. For vassleidning som går gjennom tomt må overdekning vera på minimum 1,20 m på 63 mm. Dersom det ikkje let seg gjera å få nok overdekning på vassleidning, må det gjerast kompensierende tiltak.

Når arbeidet er utført skal det sendast inn ferdigmelding til kommunen m/vedlagt situasjonsplan og innmålingsdata (som bygt).



Med helsing

Kari Elisabeth Iø
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Kjell Rune Melingen

Dolvikhaugane 88 5252

SØREIDGREND

Mottakar:

Hjelmås VVS as

Leknesvegen 183 5915

HJELMÅS

